



Innkalling: **HARDANGER OG VOSS UNGDOMSRÅD**
Dato: Onsdag 17.01.2024
Stad: Kommunestyresalen, Kvam rådhus
Tid: 17.00 - 20.00

SAKLISTE:

HU-sak 01/24 Kva er ambisjonen til Hardanger og Voss ungdomsråd?

Nokre spørsmål og oppgåver de er fint om de ser på før møtet:

1. Kan de reflektera litt over kva Hardanger og Voss ungdomsråd kan gjera for born og unge i regionen vår.
2. Kan alle førebu nokre setningar om kva som er bra med din kommune/herad og kva du gjerne vil gjera noko med.
3. Er det noko frå dykkar oppvekst som var veldig bra/ kunne vore betre?
4. Kven har inspirert deg og du gjerne vil invitera til rådsmøtet for også å inspirera andre?
5. Hvis du kunne bestemta noko i kommunestyret for kommunen din - kva ville du bestemt då?

HU-sak 02/24 Hardanger og Voss Opplæringskonferanse 2024

Konkret arbeid med program, spørsmål og gjester. Finna ny dato mm

Frå møteboka 07.12.2023:

Forslag til tema og gjennomføring Opplæringskonferansen 2024:

- *Politisk/kommunal opplæring. Korleis henga med? Det kan vera utfordrande å forstå og følgja med på alle utvalg og alt som skjer i den kommunale verda, både politisk og administrativt.*
- *Invitera alle ordførarane, og utfordra dei til å vera aktivt med.*
- *Kan ungdommen bli grilla av ordførarane med spørsmål som: "Kva driv ungdom på med?"; "Kva tek dei med seg heim saman etter ein slik dag?"; "Kva skal til for at dei vil bu i Hardanger?"*
- *Kan ein også ha grupper (8-10) som går rundt til stands der ein ordførar står med ei utfrodring. (Desse utfordringane skal kvart ungdomsråd også ha arbeidd med før konferansen.)*
- *Dela kunnskap om suksessen til Kvam herad sitt ungdomsarbeid og ungdomsråd*
- *Motorsport kan vera eit tema. Dette arbeider alle kommunane med på eit eller anna vis Vegen vidare -ikkje ferdige; korleis skape noko for ungdom?; Dette er førebyggjande og bra for psykisikk helse.*
- *Transport. Invitera Skyss til dialog på konferansen.*

Viktig at ein før konferansen har klargjort "Førebuande spørsmål/utfordringar", som vert sendt ut til alle medlemmane.

HU-sak 03/24

Møteplan Hardanger og Voss Ungdomsråd 2024

Forslag til møteplan 2024

Hardanger og Voss Ungdomsråd 2024	Januar Onsdag 17. Kvam	Februar Torsdag 8. Voss Konstituer- ande møte	Mars Mandag 18. Ullensvang Hardanger og Voss opplærings konferanse	April Torsdag 18. Ulvik	M A I	Juni Mandag 25. Eidfjord Sommar avsluttning	J U L I A U G S E P T	Oktober Torsdag 31. Kvam	November Torsdag 14. Voss	Desember Mandag 16. Ullensvang
--	---------------------------------	--	---	----------------------------------	----------------------	--	--	-----------------------------------	------------------------------------	---

HU-sak 04/24

Motorsport for ungdom i Hardanger og Voss

Her har det skjedd mykje i alle kommunane, på ulikt vis. Ber alle om å dela frå sin kommune/herad. Til inspirasjon og utvikling.

HU-sak 05/24

Nytt frå kvart ungdomsråd

HU-sak 06/24

Saker melde inn ved møtestart

Kinsarvik 11.01.2024

Trude Læg Reid Rinaldo

Sekretær Hardanger og Voss Ungdomsråd

Forfall må meldast:

Hardangerrådet v/Trude L. Rinaldo tlf: 489 54 550 mail: trude@hardangerraadet.no